



MØTEREFERAT

Referat frå:	Møte i administrativ koordineringsgruppe, Regional plan Bergensområdet	Møtedato: 15.05.2014	Tid: 12.30 – 15.00
Møteleiar:	Bård Sandal	Møtestad: Fylkeshuset	Arkivsak:
Referent:	Snorre Waage	Ref.datum: 15.05.2014	Arkivnr.:
Deltakarar:	Rune Fjeld, Olav Terje Hove, Lars Christian Stendal, Mette Svanes, Willy Sørensen, Ingviild Hjelmtveit, Odd Ivar Øvregård, Tone Ramsli, Gerhard Inge Storebø, Siri Fahlvik Pettersen, Thorbjørn Aarethun, Marit Rødseth, Øyvind Sundfjord, Hans-Christian Engum, Snorre Waage		
Fråvær:	Odd Magne Utkilen, Hogne Haugsdal, Knut Terje Rekve, Jarle Landås, Trine P. Grønbech, Håkon Rasmussen,		
Kopi til:			

Referat frå møte i administrativ koordineringsgruppe – Regional plan for Bergensområdet 15.05.2014

Bård Sandal ønskte alle velkommen til møte.

6/14 Dagsorden og referat frå førre møte

Dagsorden og referat frå førre møtet godkjent utan merknadar. HFK informerte om at det no er etablert temagrupper for plantema bustad, næring, transport og grønstruktur. Ein er godt i gong med analysearbeidet, og temagruppene er kopla på og har hatt anledning til å kome med innspel.

Møteleiar informerte om at vi frå no vil nummerere sakane i administrativ koordineringsgruppemøta fortløpende, etter prinsippet saksnummer først, deretter årstal (14).

7/14 Aktuelle verkemiddel for gjennomføring av plan – Innleiing ved Hans-Christian Engum

Plankart: Planprogrammet fastset at planen skal ha eit plankart. Dette er for å gje ein tydeleg og føreseieleg plan som kan vere eit godt hjelpemiddel for dei involverte kommunene. At planen skal vere tydeleg og føreseieleg, betyr ikkje at den ikkje kan vere fleksibel på same tid. Men ein ønskjer at både kommunar, stat og fylkeskommune er samde om kva premissar som ligg til grunn for framtidig areal- og transportplanlegging i regionen. Fylkeskommunen foreslår at ein skal nytte overordna arealkart etter abc-prinsippet, og at ein i tillegg kan ha temakart der det er hensiktsmessig. Der det er snakk om føresegn handlar det i hovudsak om transport/transportkorridorar, og er ikkje knyt til abc-kart. Fylkeskommunen presenterte kva verkemidlar vi har, medan det er prosessen vidare som vil vise kva som er det mest hensiktsmessig.

Innspel frå gruppa:

- Samarbeid:* Det vart stilt spørsmål til korleis arbeidet med planen sjåas i samanheng med ein muleg endring av kommunenesamansettningar, og at premissane for kommuneplanlegging då vil endras. Fylkeskommunen tok innspelet til etterretning, men

understrekjer at dette er ein regional plan som i utgangspunktet skal sjå forbi kommunegrensar. Det vart og påpeika at planen kan rullerast ved behov.

- *Plankartet si juridiske status:* Gruppa ønska klarheit i om eit slik plankart vil vere juridisk bindande. Dette er avhengig av om det knytast føresegner (bestemmelser) eller retningslinjer til kartet som ein del av planens virkemidlar. Retningslinjer vil vere retningsgivande (og gje grunnlag for motsegn), medan føresegner vil vere juridisk bindande.
- *Plankart:* Det vart ytra frå gruppa at dersom abc-kart med planføresegn vert ein del av planen, er det å forventa at det kjem motvilje/skepsis frå kommunane. Samtidig vert det ytra ønskje om verktøy som kan sikre kvalitet og regional koordinering i utviklinga i regionen.
- *Plankart:* Det var innspel på at næringsareal- og bustadarealkart bør løftas opp i hovudkartet (ikkje berre temakart).
- *Desentralisert konsentrationsmodell.* Korleis vil planen handtere den forventa befolkningsauken og synleggjere dette i plankarta? Det blei her spurd om korleis dette vil påverke den kommunale planlegginga og om behovet for restriktive verkemidlar. Fylkeskommunen formidlar at det er kommuneplaner som skal leggas til grunn, medan denne planen skal i utgangspunktet sjå på vegen vidare, dei nye arealbehova og arealutnytting, m.m.
- *Regionalt perspektiv:* Gruppa kan sjå utfordringar med operasjonaliseringa av planen, og peiker på kommunale forskjellar i Bergensregionen. På kommunalt nivå kan eksempelvis Arna som regionsenter virke lite hensiktsmessig (vs. Åsane til dømes), medan det i eit regionalt perspektiv kan vere svært hensiktsmessig (regionsenterfunksjonar for kommunar som Osterøy, Vaksdal og Samnanger). Det vart understreka at ein treng ei felles forståing for kva som er røynda, og at den vidare prosessen må sørge for at kommunane er inkludert og motiverte til å vere med. Dette vil vere ein større utfordring enn å einast om planprinsippa.
- *Rolleavklaringar:* Gruppa påpekte at det er ei politisk arena og eit utfordrande forhold mellom regional og kommunal planlegging, mellom anna knyt til fordeling av vekst, fortetting, miljøførehald (utslepp). Det er brei einigkeit om at planen bør tenkje dei store og overordna tankane for regionen som heilheit, men det er ei utfordring å få ei felles forståing av utfordringane og løysingane.
Fylkeskommunen påpeika at ein ikkje har som ønskje å drive overstyring av kommunane sitt handlingsrom, men at ein gjennom planen ønskjer at vi einast om vegen vidare, og har felles prinsipp om korleis ein skal planlegge i Bergensregionen - for regionens felles beste. Å nytte regionale planføresegn vil berre vere aktuelt for å avsette areal til framtidige transportkorridorer, eventuelt areal til regional hamn eller godsterminal eller liknande. Det vil ikkje bli knytt føresegn til abc-kart eller langsiktige byggjegrenser. Fylkeskommunen presenterte kva verkemidlar vi har, medan det er prosessen vidare som vil vise kva som er det mest hensiktsmessige.

8/14 Tilgjengelighetskart for bil, kollektiv og sykkel som grunnlag for planarbeidet – metodikk og presentasjonsform v/ Øyvind Sundfjord (Asplan Viak)

Innspel frå gruppa:

- *Metode:* Analysane er gjort basert på eksisterande infrastruktur. Endra premissar som til dømes endringar i infrastruktur i framtida (ringvegar, logistikkterminal m.m.), vil kunne endre biletet betydeleg. Det blei informert om at dette kan ein imøtekommne ved å leggje andre premissar inn i modellane. Dette er fagtekniske diskusjonar som allereie er ein del av temagrupperdiskusjonen.
- *ABC/Tilgjengekart:* Det blei ytra at ein må nytta abc-kart på ein hensiktsmessig måte, med dei rette premissane. Til dømes vil ikkje abc-karta avdekke kva som er gode kvalitetar i bustadområder/oppvekstmiljø. Dei har først og fremst sin styrke i å synleggjere hensiktsmessig lokalisering av næringsverksemnd. Fylkeskommunen seier seg einig i at abc-karta er best egna for lokalisering næring, men tydeleggjer at dei òg kan brukast inn mot planen for til dømes å definere kor ein bør lokalisere bustader for å stø opp om transportsystemet. Vidare kan abc-tilnærminga og synleggjere kva som ikkje er tilfredsstillande for å oppnå det som er ynskjeleg (til dømes synleggjere behovet for betra kollektivtilbod/sykkelvegar i eit gitt område). Det er også viktig å skilje mellom kva som er analyse og kva som skal inngå i planen. Analysane er i stor grad ein skildring av dagens status, mens planen skal seie noko om ei ønska utvikling.

9/14 Utgreiingar bustad/næringsareal – arbeid så langt v/ Snorre Waage og Øyvind Sundfjord (Asplan Viak)

- *Innspel bustadutgreiing:* Utgreiinga viste behov for eit trendskifte i bustadutbyggingsmønster i regionen (bustadstruktur vs. Hushaldsamansettning). Det vart stilt spørsmål ved om ikkje denne trenden i byggemønster (fortetting, mindre arealkrevjande bustader) allereie er i gong. Fylkeskommunen tek innspelet til etterretning.
- *Innspel næringsarealutgreiingar:* Grovmaska kart blei presentert, og det vil gjerast betydelige kvalitetssikringar før arbeidet på næringsareal vert ferdigstilla. Dette er eit pågående arbeid som skjer i samråd med kommunane i temagruppene.

10/14 Temamøte 4. juni – presentasjon av skisse

Det blei beslutta å endre møtetidspunkt for temamøte/medverknadsmøte. Nytt møtetidspunkt vil bli 24. juni 2014, kombinert med Styringsgruppemøte.

11/14 Framdrift og vidare arbeid - framdriftsplan

24. juni – styringsgruppemøte OG temamøte bustad/næring samme dag.
Framdriftsplan sendes med referat. Planen skal etter framdrifta bli sendt på høyring februar 2015.

12/14 Eventuelt

Ingen innspel.
Takk for eit konstruktivt møte.